



Are Areklett Garmann
Hillandsvegen 60
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2537 - 19/35343

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2019

Etterlyser ferdigattest for godkjend tiltak - gbnr 134/24 Hilland

Tiltak: Terrasse
Tiltakshavar: Ida og Are Areklett Garmann (Tidlegare Petter Brosvik)

Tidlegare heimelshavar av eigedom gbnr. 134/24 søkte om og fekk godkjent oppføring av terrasse, sjå vedlagt vedtak. Teikningsmateriellet som vart sendt inn og godkjent er lagt ved.

Søknadspliktige tiltak skal avsluttast med ferdigattest jf. plan- og bygningslova § 21-10 og byggesaksforskrifta § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Vi kan ikkje sjå å ha motteke søknad om mellombels bruksløyve eller søknad om ferdigattest for tiltaket. Vi tar difor kontakt med dykk som no står som eigar av eigedomen og ber om tilbakemelding på status i saka.

Dersom tiltaket er ferdig ber vi om at de fyller ut og sender inn vedlagt skjema for søknad om ferdigattest. Dersom tiltaket ikkje er realisert ber vi om at de melder tilbake om det.

De kan finna saksdokument i saka om de går inn på Lindås kommune si heimeside. Lenke til saka i innsynsløysinga vår finn du [her](#).

Vi gjer merksam på at dersom tiltak ikkje er igangsett innan 3 år frå vedtaksdato så er løyvet gått ut, saka vert avslutta og du må søkje på nytt etter gjeldande regelverk. Dersom tiltaket er ferdig og tatt i bruk utan at det ligg føre ferdigattest eller mellombels bruksløyve kan kommunen pålegge dykk å søkje om ferdigattest.

Frist for å søkje om ferdigattest/ melde tilbake om at arbeidet ikkje er utført vert sett til 18.12.2019.



Med helsing

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til tiltak utan ansvarsrett - etablering av terrasse - gbnr 134/24 Hilland.

Teikning

Søknadsskjema ferdigattest

Kopi til:

Petter Brosvik	Haveland 35	5966	EIVINDVIK
----------------	-------------	------	-----------

Mottakarar:

Are Areklett Garmann	Hillandsvegen 60	5911	ALVERSUND
Ida Areklett Garmann	Hillandsvegen 60	5911	ALVERSUND